



9

## Konfirmantane på leir i Øygarden



HalloVenn i Ågotneshallen side 6



T 10 - Tweens

side 14

## UTGJEVAR Fjell kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut 6 gonger i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

**Bankgiro, Kyrkjebladet**  
1503.84.37590

**Bankgiro, Fjell kyrkjelege fellesråd**  
1503.84.35067

**Ansvarleg redaktør**  
Olav Martin Vik

**Grafisk utforming**  
Anne-Kari Vik

**Trykk**  
Bodoni AS

**Framsdebilete:**  
Martha Langholmen

**Kyrjekontoret**  
Postboks 184, 5342 Straume

**Telefon**  
55 09 74 40

**E-post**  
post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Besøksadresse**  
Tytebærbrekko 2, Temahuset

[kyrkja.no/fjell-t-dagen.no](http://kyrkja.no/fjell-t-dagen.no)

**INNLEVERINGSFRIST**  
for annonsar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: 10.01.18

## Leiar

Kjære lesar!

Når du les dette bladet er me inne i adventstida, for mange ei travel tid med oppgåver fram mot jul og deltaking på mange ulike aktivitetar. Eg tenkjer at særleg de foreldre med barn i barnehage og i skule fer frå den eine avslutninga til den andre, samstundes som de skal ha tid til dykk sjølve og borna dykkar og også førebu jula. Det er ei hyggeleg tid, men til tider krevjande. Me i kyrkja ønskjer å fokusere på kva advent og jul handlar om. Det vil me få fram i våre gudstenester og andre samlingar fram mot jul og i jula. Gud krev ikkje mykje av oss, me skal berre festa blikket på Jesus.

Me har starta prosessen med samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda. Det fører til endringar. Me må finne gode løysingar som gjer at kyrkja vert tilstades lokalt, sterkt synleg og arbeidande mellom menneska i den nye kommunen. Som prosjektleiar for samanslåinga ønskjer eg presisere at dette er grunnleggande viktig i vår tenking

om framtida. I bladet kan du lese om kyrkjeleg fellesnemnd og prosjektstaben.

Me nærmar oss slutten av 2017. Året vart annleis enn eg hadde tenkt. Eg takkar for tilliten og mottakinga i Fjell og Sund, etter å ha fått tildelt ei rolle som kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden, og som prosjektleiar for samanslåinga. Eg ønskjer å seie at med meg har eg flotte og dyktige medarbeidarar i alle tre fellesrådsområde. Dei har tatt godt imot meg, og utan desse flotte menneska, også dei kyrkjelege råda, vil eg ikkje lukkast i mi rolle.

Mine medarbeidarar og eg vil ønske deg ei velsigna god jul, eit godt nytt år, og så takkar me for året som snart er omme.

Venleg helsing  
Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje/redaktør



## Velkomen til tradisjonsrik julefest i kyrkjene!

**Julefest i Fjell kyrkje**  
Laurdag 6. januar kl. 17.00.  
Andakt, underhaldning og julepregang m.m.

**Julefest i Landro kyrkje**  
Laurdag 6. januar kl. 1600  
Stort kakebord, god musikk, julepregang  
Andakt  
Godtepose  
Alle velkommen!

**Julefest i Foldnes kyrkje**  
Søndag 7. januar kl. 16.00. Sang, andakt, quiz og julepregang.  
Servering av hot dog, kaffi og kaker

Vi får besøk langvegsfrå, med noko godt til barna.  
Ta gjerne med julekakerstar eller noko anna godt å bite i til felles kakebord.

# Gud i snikkarverkstaden

**Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøttet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lèt sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.**

Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus- i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindaugget ser vi ein saueflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte dei sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølv sagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøttet: blod, arbeid, støv, sveitte og husdyr. Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar. Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege:



Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London. 2017

Jesus har blod på handa, han er såra av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydte frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elskar, i han har eg mi glede.» På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen- Sonen- Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

**Halvor Nordhaug**  
Biskop i Bjørgvin



## Innhald

- Side 4-5 Samanslåing av fellesråd og presentasjon av prosjektstab
- Side 8 Konfirmantjubileum 2017
- Side 11 Dele-helg i Foldnes kyrkje

### Redaksjonen beklagar

*I nr 5 om Sotra Reviderte hadde me bytta om bileta på Olav Ulvesth og Thor Audun Nesse.*

# Samanslåing av fellesråd



Kyrkjeleg fellesnemnd hadde sitt første møte 18. oktober. Fv. Erling Vik, Gisle Kårbø Rong, Kjell-Asle Børnes, prosjektleiar Olav Martin Vik, Harald Rød, Jan Ragnvald Torsvik, Odd Bjarne Skogestad, Anne Grete Hareide og Brynhild Enerhaug. Foto: Anne-Kari Vik

av prosjektleiar Olav Martin Vik

Kyrkjeleg fellesnemnd er vald frå fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden på same måten som kommunane har vald ei kommunal fellesnemnd.

Fellesnemnda er det rådet som har ansvaret for samanslåingsprosessen. Prosjektleiar rapporterer til kyrkjeleg fellesnemnd. Fellesnemnda har fått vide fullmakter i arbeidet sitt fram mot 2020. Kyrkjeleg fellesnemnd valde Harald Rød som leiar og Brynhild Enerhaug som nestleiar for perioden fram til 2020.

Fellesnemnda har gjort vedtak om oppretting av eit såkalla partssamansett utval. Det er sett saman av representantar frå arbeidsgivar og representantar frå arbeidstakarane. Samanslåinga omfattar nærare 50 medarbeidarar i dei tre fellesrådsområda og det er lagt vekt på medverknad frå alle partar i samanslåingsprosessen.

Kyrkjeleg fellesnemnd har sendt søknad om prosjektmidlar til kommunal fellesnemnd som etter instruks frå departementet skal løyve midlar til samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda.

Ønskjer du å halde deg oppdatert framover om det som skjer i prosesessen med å slå saman fellesrådsområda kan du gå inn på nettsida under. Der finn du lenke til ei ny side som omtalar samanslåinga.

[www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)

Lenka er operativ frå 15.12.2017.

## Deltaking frå sokneråd, frivillige og kyrkjelydane

Samanslåinga må ikkje overskygge arbeidet i sokna og eit godt arbeid lokalt. Det er også viktig at sokneråd, frivillige og kyrkjelydane vert involvert i det som skjer fram mot 2020. Korleis dette skal organiserast vert det informert nærare om.



Brynhild Enerhaug og Harald Rød. Foto: Jan Ragnvald Torsvik

## Medverknad frå dei tilsette i samanslåingsprosessen

Dei tilsette har peika ut (vald) sine representantar til partssamansett utval. Det er også andre viktige møteplassar for tilsette i fellesråda og for prestane.

Det vert oppretta arbeidsgrupper som vil arbeida med rutinar, oppgåvefordeling og arbeidsoppgåver som er tilpassa den nye organisasjonen etter 2019.

Det er også gjennomført kurs for m.a. kyrkjeleg fellesnemnd der det har vore særleg fokus på arbeidsgivaransvaret i høve dei tilsette.

Tilsette sine representantar er: Kari Sandøy Rong, Øygarden, Dag-Reidmar Pettersen, Sund og Ellen Ebbesvik, Fjell. Sjå bilete på neste side.

For kyrkjelydane vert årsmøta ein viktig arena. Sokneråda har alt hatt ei samling som dei sjølv stod ansvarleg for.

# Felles leiing og prosjektstab

Kyrkjeverje i Øygarden, Olav Martin Vik, er engasjert som kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden fram til 2020. Han er også prosjektleiar for samanslåing av desse fellesrådsområda. Det er ei omfattande oppgåve. Det er difor etablert ein stab som består av mannskap frå administrasjonen i Fjell kyrkjelege fellesråd. Dei skal i tillegg vere prosjektstab. For å kompensere for bortfall av ressursar i Fjell i prosjektperioden vert det engasjert

ein kontormedarbeidar i 80 % stilling.

Målet er at prosjektstaben skal vere i full funksjon frå 1.1.2018 og skal vekselvis arbeide med dagens drift av fellesråda si verksemd og prosjektarbeid. Me presenterer her prosjektstaben og kontorleiarane i Øygarden og Sund.



**Olav Martin Vik** er engasjert som kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden fram til 2020. Han er også prosjektleiar for samanslåing av fellesråda. Som kyrkjeverje har han det daglege ansvaret for alle tilsette utanom prestane, overordnaansvarform.a. økonomi, gravferdsforvaltning, kyrkjer og gravplassar.



**Annlaug Børve** har permisjon frå stillinga som kyrkjeverje i Fjell og arbeider no som rådgivar (deltid) i kyrkjeverja sin stab fram til 2020 med særleg ansvar for organisasjon, HMS, rutinar og regelverk. I prosjektperioden vil Annlaug m.a. arbeide med organisasjonsbygging og det som gjeld formelle tilhøve for tilsette.



**Borghild Hustad Berge** er assisterande kyrkjeverje i kyrkjeverja sin stab. Borghild har også det daglege ansvaret for verksemda til Fjell kyrkjelege fellesråd. I prosjektperioden vil Borghild m.a. arbeide med merkantilt oppbygging for den nye organisasjonen.



**Anne-Kari Vik** er kommunikasjonsmedarbeidar og vil ha ansvar for m.a. nettsidene til fellesråda og kyrkjeleg fellesnemnd. I tillegg er det oppgåver relatert til intranett, arbeid med kyrkjeblad og merkantilt arbeid ved kyrkjekontoret i Fjell.



**Siren Nordbø** skal ha ansvar for all dokumenthandsaming og samordning av møteverksemd i prosjektfasen. I tillegg kjem merkantilt arbeid ved Fjell kyrkjekontor.

## Arbeidsgrupper fram mot 2020

Det vert oppretta arbeidsgrupper der tilsette vert med og utformar framtida for kyrkja sitt arbeid i den nye kommunen.

**Ellen Ebbesvik** er dei tilsette i Fjell sin representant i samanslåingsprosessen. Ho er kyrkjetenar i Foldnes og diakonimedarbeidar.



## Dagleg leiing av kyrkjekontoret i Øygarden

**Kari Sandøy Rong** har det daglege ansvaret for drifta ved kyrkjekontoret i Øygarden.



Ho har arbeida i kyrkja i mange år og har god oversikt over det meste. Kari er også dei tilsette sin representant i samanslåingsprosessen.

## Dagleg leiing av kyrkjekontoret i Sund



**Tove Olene Foss Solvang** (51) er tilsett som kontorleiar ved kyrkjekontoret i Sund. Tove tek til i stillinga 1.12. Me ønskjer Tove velkomen i staben.

Kontorleiarane rapporterer til kyrkjeverja.

Kari arbeider i 80 % stilling og Tove arbeider i 100 % stilling.

## Dag Reidmar Pettersen

er dei tilsette i Sund sin representant i samanslåingsprosessen. Dag er trusopplærar i Sund.



# HalloVenn i Ågotneshallen



**For sjette år på rad arrangerte Landro sokneråd og Metodistkirken på Sotra **HalloVenn** den 31. oktober.**

Festen fann stad i Ågotneshallen, og det heile begynte med at songarar frå fleire barne- og tweenskor song i lag med Jarle Waldemar. Artige kostymar, godteri og aktivitetar for barna kjenneteiknar festen. Omlag 480 frammøtte barn og vaksne fylte hallen med god stemning og artige kostymer.



Alle foto: Bjarte Nese





Begge foto: Halvor Skurtveit, sykkelivest.no



## Gudsteneste under sykkel-VM

Under sykkel-VM den 24. september gjekk Tremorkirken, IMF Straume, Saron, Kristent Fellesskap og Fjell, Foldnes og Landro kyrkjelydar saman om å arrangere gudsteneste på Sartor. Ten Sing Lukas opna gudstenesta og sette stemninga kl. 14.00. Lovsongsband frå Kristent Fellesskap, og Joykids frå Straume forum bidrog også musikalsk. Appellen var ved Fredrik Ree frå Tremorkirken.

Takk til Sartor Senter, David Genius og Odd Bjarne Skogestad, som gjorde dette mogleg!

Bjarte Nese  
Sokneprest i Landro



Foto: Bjarte Nese

# Konfirmantjubiläum 2017

Slik tradisjonen har vore i Fjell i mange år vart konfirmantjubilantane samla til festleg lag i kyrkjelydsalen i Fjell kyrkje i haust. Søndag 15. oktober kom over 70 jubilantar frå 5 kull til gudsteneste med middagssamvær og kaffi etterpå. Fleire av jubilantane kom med helsingar og delte minner frå konfirmanttida.

Tekst: Gerd Fjeld Andersen

Alle foto: Bjarte Nese



40-årsjubilantar



50-årsjubilantar



60-årsjubilantar

Som rimeleg kan vere, har konfirmantførebuingane endra seg mykje på dei 35 åra frå dei eldste gjekk for presten og til dei yngste jubilantane kunne møta til førebuing. Desse åra fortel mykje om kor tida har endra seg når det gjeld både måten å koma seg til kyrkja på, kva mat som vart servert og kva gåver ein kunne få.

Ei livleg og glad forsamling sytte for god stemning, det var tydeleg at her var mangt og mykje å snakke om. Harald Rød leia oss på ein fin måte gjennom denne stunda, og Royal Cateringservice hadde som vanleg ei god hand om mat og servering!



70-årsjubilantar



75-årsjubilantar



# Innhaldsrik konfirmantleir på Skjergardsheimen

Helga 20.-22. oktober hadde konfirmantane sin årlege haustleir i Øygarden. Her var nesten 60 flotte konfirmantar, ungdomsleiarar og vaksne samla med eit tett pakka program.



Konfirmantane fekk vere med på leikar, sporløp i natta, båttur og padling, ulike aktivitetar som baking, fotogruppe og teiking, leirkveld og rangling, bibeltime og Ung Messe. Alt fint omkransa av nydeleg vestlandsnatur i strålende haustvêr og god stemning både inne og ute!

På laurdagen kom òg Christine Lunga frå Stefanusalliansen og hadde ein interessant tematime om trusfridom og forfølgde kristne. På laurdagskvelden fekk konfirmantane kjenne dette på kroppen då kveldssamlinga blei avbrutt av «hemmeleg politi», og dei i staden måtte følgje dei hemmelege symbola til ein «Secret service» der «politiet» som patruljerte i gangane ikkje kunne finne dei.

Og gjennom alle aktivitetane og samlingane var det temaet «Loved» som stod i fokus. Kva det betyr at du er elskja av Gud, og om korset du blei teikna med i dåpen som eit bevis på den kjærleiken.

Beate Sørhus  
Leirsjef





Etter korøving er det hobbyaktivitetar i kyrkjelydssalen.



Nokre av barna i koret på HalloVenn 2017 i Ågotneshallen.

## Barnekoret i Fjell kyrkje

Barnekoret som held til i Fjell kyrkje, øver kvar tysdag, i oddetalsveke, frå 17.30-18.30. Det er ca. 10-12 barn i alderen 4 år til 4. klasse som møter opp. Vi deltar på familiegudsteneste 2-3 gonger i semesteret. I tillegg er vi med og syng på HalloVenn saman med fleire andre kor. Det er ein glad og livleg gjeng som stiller opp annankvar tysdag. Den siste delen av øvinga har vi enkel kveldsmat og litt hobbyaktivitetar. Der blir det laga mange flotte kunstverk.

Vi har plass til fleire barn. Har du lyst å bli med er du hjarteleg velkomen!

### Kontaktpersonar:

Kari Mortensen, mobil 411 22 323

Torun Svennevik, mobil: 976 71 161

## Velkomen til Foldnes barnegospel og KM-kluzz

Hausten 2017 fekk vi endeleg barnekor i Foldnes kyrkje igjen. Foldnes Barnegospel øver annankvar tysdag kl. 17.30-18.45 i partalsveker. Andrea Ådland og organist Aasmund Brekke er musikalske leiarar. I løpet av året syng dei mellom anna på enkelte familiegudstenester, og deltar på juletreffesten i kyrkja og på HalloVenn i Ågotneshallen. Foldnes Barnegospel har plass til fleire barn i alderen 1.-4. klasse!

Nytt frå januar 2018 er at KM-kluzz har nylansering på tysdagar kl. 16.30-18.30, med ei samling i månaden. Denne ligg på same tysdag som Foldnes Barnegospel sine øvingar. Dermed kan kormedlemmer og familieane deira kjøpe seg ein rimeleg og god middag før øvinga. Så går korøving og KM-kluzz sine aktivitetar samstundes, fram til avslutningane kvar for seg. KM-kluzz er ei familiesamling som er open for store og små, med middag og dessert, andakt og leik. Her er alle hjarteleg velkomne!



Foldnes barnegospel opptredde for første gong under familiegudsteneste i Foldnes kyrkje 22. oktober.

### Datoar for våren 2018:

#### Januar:

9.: Kor

23.: Kor + kluzz

#### Februar:

6.: Kor

20.: Kor + kluzz

#### Mars:

6.: Kor

20.: Kor + kluzz



KFUK · KFUM  
KM-KLUZZ FJELL

# DELE-helg i Foldnes kyrkje

20.-22. oktober var det stor aktivitet i Foldens kyrkjelyd, i tett samarbeid med Fjell KFUK/KFUM.

Tekst: Astrid Aksnes Myskja

Vi starta helga med å rigge til bruktmarknad i kyrkja, og inviterte så til KM-kluzz, med middag for heile familien. Der introduserte vi temaet for helga: «Dele». Aktiviteten denne gongen var å førebu suppe til søndagens kyrkjemiddag, og andakten til Marianne Bergsjø Gammelsæter sette i gang tankar til søndagens tale.

Søndagen var kyrkja fullsett til familiegudsteneste og hausttakkefest. Guds gode gåver var i fokus, og vi delte av det som han har gitt oss. Ein liten gjeng frå det nystarta Foldnes barnegospel opptredde for første gong, og sjarmerte oss i senk! Ten Sing Lukas har vore i «gamet» ein del lenger. Dei kom rett frå øvingshelg og bidrog med høgt musikalsk nivå og trøkk i bandet.

Marianne delte sine tankar i ei kort tale, vi fekk høyre Guds ord, og Kari Burke-Romarheim leia oss så alle kunne ta del i liturgi og nattverd. Ten Sing-bandet, forsongarar og organist Aasmund Brekke bidrog til å løfte salmar og lovsong.

Etter gudstenesta inviterte vi til suppe, kaffi og kaker, og utlodding. Drivne ungdommar frå Ten Sing bidrog til god stemning under trekkinga av gevinstane, som bestod av Guds gode gåver til oss. Fjell KFUK/KFUM profilerte sitt arbeid med Homestart og Åpen Barnehage, og mange gledde seg over bruktmarknaden, der vi fekk dele av det vi har for mykje av med nokon andre som kan ha bruk for det. Alle inntekter går til Fjell KFUK/KFUM og Ten Sing Lukas. Tusen takk til alle som tok del!





## Basar i Landro kyrkje

Basaren i Landro kyrkje kan bli ein ny tradisjon på hausten. Det var første gongen Landro sokneråd arrangerer basar. Den fann stad den 30. september. Omlag hundre frammøtte sette sit preg på ettermiddagen.

Det var godt gammaldags åresal, amerikansk auksjon, kaker og song ved Barne- og tweenskoret.

Takk til alle som bidrog med gevinstar!  
Basar er gøy for store og små.

Landro sokneråd



## Misjon er å dela

Skikk og bruk, takt og tone er noko som skifter frå land til land, frå kultur til kultur, frå folk til folk. Som misjonær i ein framand kultur, opplever ein stadig dette på nært hald.

Ein av dei tinga som var vanskeleg å takla for meg då eg var ny i Kamerun, var at eg stadig og heile tida fekk gåver, gåver i form av mat, naturalia og bruksgjenstandar. Dei eg budde blant var fattige, dei hadde lite av nær sagt alt. Likevel, gav dei meg, «rikingen», gåver. Dette var vanskeleg å takla, fordi eg såg at dei ikkje hadde flust, eg såg at dei kunne trengja både hønsa, eggja, bananene og alt det andre dei gav meg, mykje meir enn meg. Likevel forstod eg at dette måtte eg leva med, eg måtte finna måtar å leva med det på. Løysinga vart å gje små gåver attende, nødvendige ting som måtte kjøpast for pengar, noko dei ikkje hadde. Parafin til oljelampa, såpe til å vaska med, salt til sausen og sukker til suppa. Dette fungerte fint. Livet vart å dela.

Misjon er å dela. Vi kan dela materielle goder. Vi kan gje pengar til misjonen sitt arbeid, det gjer vi når kyrkjelydane har misjonsprosjekt i Mali og Thailand. Vi kan dela ved å be, det gjer vi når vi tek misjonsprosjektet med i forbøna på gudstenesta, og når vi tek misjonsarbeidet med i våre personlege bønner. Vi kan dela ved å lytta til den informasjonen vi får frå dei ulike misjonslanda.

Vi kan vera med i misjonsforeining og i gjenbruksbutikk.

Samstundes kan menneska i misjonslanda dela med oss. Kva kan dei dela? spør du kanskje. Ved å lytta til informasjonen frå kyrkjelydane i misjonslanda vil du kunna merka deg menneske med livsglede, glede i trua, glede i Herren. Du vil kunna merka deg songen og dansen til Herrens pris, spontaniteten, kunsten å leva under livsvilkår som for oss er utrulege, kunsten å reisa seg igjen etter nederlag og tunge slag. Og du vil kunna høyra om menneske som ber for Noreg, for land og folk, fordi misjonærene som fortalde dei om Jesus, kom derifrå.

Vi som har lært Jesus Kristus å kjenna, enten vi bur i Thailand, i Mali eller i Noreg, har først og fremst evangeliet å dela. Vi kjenner Jesus, vi veit kvifor han kom til jord, og vi veit at vegen til samfunn med Gud går gjennom han. Vi veit at Jesus er den einaste vegen til Gud. Dette må vi dela, dette må vi gje vidare, til menneske i vårt nærmiljø og til menneske langt borte. Misjon er å dela!

Livet er å dela, dela med kvarandre av Guds gode rikdommar. Den største rikdommen er den vi får ved trua på Jesus Kristus.

Takk for at du engasjerer deg i misjonsarbeidet!

Alvhild Vassel Eide

# Vi syng jula inn

## Song og Musikk:

Nordre Fjell barne- og tweenskor  
Juleprosjektkor  
Kristine Angeltveit  
Thea Sofie Garlid  
Lokale aktører på instrument  
Musikantar frå Sotra Vest Skulekorps:  
Adriana, Andrea, Camilla, Elisabeth,  
Ingrid, Kaia og Karoline.

**Andakt:** Bjarne Nese

Landro kyrkje  
10. desember  
kl. 17.30

Kollekt

# Velkommen!

# Nyttårskonsert

Landro kyrkje  
torsdag 11. januar kl. 18.00

## Aktører:

Trond Olsen  
Tina Indrevær  
Frode Vik  
Askøy Gospelkor  
Tormod Rebnord  
Karina Landro  
Håvard Philstrøm  
Vegard Lynglund

**Bill. v/ døra**  
Vaksne kr 100,-  
Barn/stud. gratis.

**Inviter med deg**  
ein nabo, venn  
og familie, og fyll  
opp kyrkjerommet!

Arr:Eline Olsen  
& Martha Landro



Sotra Reviderte

## «Vi Syng Jula inn»

i Fjell Kyrkje 17. desember kl.17.30

Forsongarar på Julaftan og  
1. juledag i Fjell kyrkje.

«Etter-jul-konsert»  
i januar-2018

Nærare informasjon kjem om denne konserten.

Kontaktperson:  
Styreleiar Ingjerd H. Johansen  
Tlf. 922 32 815  
Dirigent Olav Sørheim  
Tlf. 926 15 988

## Aktuelt

### LANDRO KYRKJEGARD

Det er under planlegging utviding av Landro kyrkjegard. Planarbeidet er komen godt i gong. Det er Fjell kommune som står for arbeidet i samarbeid med Fjell kyrkjelege fellesråd.

I rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2018 og 2019 er kostnaden med utvidinga lagt inn. Me vil informere nærare om arbeidet etter kvart som arbeidet skrur fram. Utvidinga er ei prioritert sak.

Olav Martin Vik, kyrkjeverje

## T10 - Tweens



Fredag 20. oktober var det fullt hus og mykje moro i Fjell kyrkje. Det var nemleg «T10 Tweens», og både femteklassingar og andre i tweensalder var hjarteleg velkomne. Det møtte opp ca. 140 unge menneske, og 70 av desse var femteklassingar og T10-deltakarar.

Først hadde femteklassingane ein time i kyrkja heilt «åleine» med T-teamet før dei andre ungdomane kom. Denne timen var det mellom anna lystenning, leik og VM-dans. Etterpå var det «vanleg tweenskveld», men med nokre fleire aktivitetar å velge mellom enn til vanleg. Til dømes var det «capture the flag», laging av fruktspyd, bingo, bordtennis, ballspel i gymsalen, FIFA-spel og toving av gryteunderlag. Etter aktivitetane var det andakt, kiosk og quiz. Vi håper at mange av tiåringane har lyst til å halde fram med å kome til tweenskveldane i Fjell kyrkje framover.



## Velkomen på T-dagar

- Påmelding til og info om alle T-dagane finn du på [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no) eller på tlf. 55 09 74 40. Spør etter Elisabeth, Kari eller Søgne (bilete).
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusoplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.

## T 3 - Advent

Søndag 3. desember klokka 11.00 blir det ei flott adventsgudsteneste for heile familien i både Landro, Foldnes og Fjell kyrkje. Treåringane (dei som er fødde i 2014) skal få ei veldig fin julebok denne dagen, og det er bra viss dei kjem litt før gudstenesta startar (ca. 20 minutt), så vi får registrert kven som kjem. Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi med kake og saft i Fjell og Foldnes kyrkje. I Landro kyrkje blir det «kyrkjemiddag» denne gongen. Velkomen!



## T 9 - Godheit

På planleggingsdagen fredag 2. februar blir det full fres og mykje godheit i Foldnes kyrkje. Tema for dagen er «I det godes teneste». Herr Fargerik kjem innom, det blir leik, song, mat og masse varierte aktivitetar heile dagen. Alle tredjeklassingar i Fjell kommune er hjarteleg velkomne til ein annleis og veldig fargerik dag.



## T 4 - Kyrkjeboka mi

Søndag 11. februar kl. 11.00 er det tid for T4-dag i alle dei tre kyrkjene våre igjen. Dette er ei familiegudsteneste med kyrkjekaffi, og alle er velkomne. Dei som fyller 4 år våren 2018 (altså som er fødde i tidsrommet 1. januar til 30. juni 2014), er spesielt inviterte, for dei skal få den fine «kyrkjeboka», som inneheld mange gode forteljingar og songar, og som borna kan ha stor glede av i lang tid framover. Det er veldig bra om fireåringane kjem ca. 20-30 minutt før gudstenesta startar, så vi kan gjere alle bøkene klare.



# Bli med på T-dagar 2018



Informasjon og påmelding:  
[www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no) eller  
[www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)

Med **himmel** over livet  
og **føter** på Fjell



# Velkommen til gudsteneste

Dato Kl. Gudsteneste Prest Dåp/nattverd Takkoffer

## Fjell kyrkje



19.11.2017	11:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Nattverd	Eige arbeid
26.11.2017	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp, Nattverd	Kirkens ressurscenter
03.12.2017	11:00	T3-fam.gudst.	Jan Tommy Fosse	Nattverd	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
09.12.2017	12:00	Barnedåps gudst.	Terje Aannerød	Dåp	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
10.12.2017	18:00	Lysmesse	Terje Aannerød	Eige arbeid	
17.12.2017	17:30	Vi syng jula inn			
24.12.2017	14:30	Gudsteneste	Terje Aannerød		Kirkens Nødhjelp/eige arbeid
24.12.2017	16:00	Gudsteneste	Terje Aannerød		Kirkens Nødhjelp/eige arbeid
25.12.2017	11:00	Gudsteneste	Erling Kopperud	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
26.12.2017	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp, Nattverd	NLA Høgskolen
01.01.2018	12:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Nattverd	
07.01.2018	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp	
14.01.2018	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp, Nattverd	
21.01.2018	18:00	Kveldsgudsteneste	Jon Andreas Tjentland	Nattverd	

## Foldnes kyrkje



19.11.2017	17:00	Ung Messe	Jon Andreas Tjentland	Nattverd	Eige arbeid
26.11.2017	19:00	Bibel, Bøn & Lovsong	Vetle Karlsen Eide	Nattverd	Eige arbeid
03.12.2017	11:00	T3-fam.gudst	Vetle Karlsen Eide	Dåp	Eige arbeid
10.12.2017	19:00	Lysmesse	Vetle Karlsen Eide		Norsk Luthersk Misjonsamband
13.12.2017	07:00	Ottesong	Bjarte Nese		
17.12.2017	19:00	Vi syng jula inn			Eige arbeid
24.12.2017	14:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide		Stefanusalliansen
24.12.2017	16:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide		Åpne dører
25.12.2017	12:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
31.12.2017	23:00	Kveldsgudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Kristent Innvandrerarbeid
14.01.2018	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp, Nattverd	
21.01.2018	11:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Dåp, Nattverd	

## Landro kyrkje



19.11.2017	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
26.11.2017	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Det norske Bibelselskap
03.12.2017	11:00	T-3 fam.gudst	Bjarte Nese	Dåp	Misjonsprosjekt med NMS
10.12.2017	17:30	Vi syng jula inn	Bjarte Nese		Eige arbeid
17.12.2017	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp, Nattverd	
24.12.2017	14:30	Gudsteneste	Bjarte Nese		Kirkens Nødhjelp
24.12.2017	16:00	Gudsteneste	Bjarte Nese		Kirkens Nødhjelp
25.12.2017	11:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
01.01.2018	12:00	Gudsteneste	Erling Kopperud	Nattverd	Amathea
14.01.2018	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp, Nattverd	
21.01.2018	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp, Nattverd	





Døpte

**Fjell kyrkje**

**15.10.2017**

Johannes Kvinge Vorland  
Pernille Solsvik Haugetun  
Ludvik Algrøy

**22.10.2017**

Johannes Kausland Helland  
Solveig Hustoft Tillung  
Julie Særsten

**12.11.2017**

Liam Eide Unneland  
William Lønning Nordvik  
Ada Soltun

**Foldnes kyrkje**

**08.10.2017**

Henrik Rennedal Valvik  
Nikoline Nydal Hjorteset  
Noah Nesson Abbedissen  
Solveig Erosa Jansen  
Aron Baquero Mellingen  
Nora Wiers-Kleveland

**12.11.2017**

Hans Jakob Thormodsæter  
Strand  
Ulrikke Molland Jahren  
Hanna Norheim Wolff



**Landro kyrkje**

**15.10.2017**

Mille Melbøe Pedersen

**12.11.2017**

Noah Kviteberg Fondevik  
Christel Marié Baumhöver-Tønder  
Victoria Ulvatn Skarveland  
Alissa Carvalho Fjellby  
Ella Victoria Carvalho Fjellby  
Håkon Landro Meling

Vigde

**Fjell kyrkje**

**30.09.2017**

Tonje Mari Rong og Einar Vestad  
Kari Dahl og Arne Landro  
Lene-Christin Jensen og Eirik  
Fotland

**02.10.2017**

Veronica Habbestad og Kjell-Are  
Torkildsen

**14.10.2017**

Linn Nesse og Ken Ole Nordhus  
Jensen

Døde

**Fjell sokn**

Atle Ingvald Rasmussen f. 1945  
Astrid Bjørsvik, f. 1956

**Foldnes sokn**

Martin Ebbesvik f. 1934  
Egil Mæland f. 1949

**Landro sokn**

Marry Solsvik f. 1936  
Nils Haugen f. 1928  
Egil Johan Landro f. 1946  
Mirjam Korneliussen f. 1941  
Margit Olsen f. 1927  
Reidun Johanna Bjørsvik f. 1941

*Vår Herre Jesus Kristus  
seier:*

*"Eg er oppstoda og livet.*

*Den som trur på meg,*

*skal leva om han så døyr.*

*Og kvar den som lever og*

*trur på meg, skal i all æve*

*ikkje døy."*

*Joh. 11,25-26*



I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Lukas 2.



**T1-dag med** *aby Song*

Velkomen til babysong, lunsj og fellesskap ein eller fleire av desse måndagane kl 10.30-12.30:

- 27. november: Fjell kyrkje
- 11. desember: Foldnes kyrkje
- 22. januar: Landro kyrkje
- 19. februar: Fjell kyrkje
- 19. mars: Foldnes kyrkje
- 23. april: Landro

Påmelding: [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)  
eller [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)  
Telefon: 930 64 205 (Elisabeth)

# RENSEANLEGG

**Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirensanlegg**

**Kontakt:**  
**August Norge AS**  
**Avd. Vestlandet**  
**Tlf: 949 70 680**  
**Mail: svein@augustnorge.no**




**Ta kontakt for en uforpliktende befarings!**  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

- koldtbord kr 199,- pr. pers
- snitter kr 24,-
- marsipankake 400,-




**for bestilling ring 56333310/56334410**  
**vi holder til på Kolltveit Kai**



**BYGGESELSKAPET AS**

5357 FJELL  
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75



## Gravferdsbyrå

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen



**Ditt begravesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 2, 5353 Straume  
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

**Solstrands**  
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE GRAVFERD**

**-din el-kontakt**

**VESTGAR ELEKTRO**

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit  
T: 400 30 210 • E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no) • [www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

- Snitter
- Koldbord
- Selskapsmat
- Tapas • Kaker

**Tlf. 56 33 11 50**

**Royal Cateringservice AS**  
Idrettsvegen 113 C



**Annonse plass**  
Fjell kyrkjeblad kjem i postkassane til alle i Fjell kommune 6 gonger i året.

Du er velkommen til å annonsere i bladet. Ta kontakt med oss for pris.  
Tlf. 55097440  
eller e-post: [post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no)

**Fjell-ly** **Leirstedet til IMF Midthordland**



- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**  
**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



**Bjergvin** **Døgnvakt 55 20 23 00**  
BEGRAVELSESBYRÅ [www.bjergvin-b.no](http://www.bjergvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

## Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (til dømes dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg og støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med:

På dagtid 55 09 74 40

## Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgene/høgtidene frå kl. 08.00 er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: 95 48 36 55

## Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

Sokneprest Terje Aannerød	tlf. 55 09 74 51 (arbeid)
Sokneprest Bjarte Nese	tlf. 55 09 74 52 (arbeid)
Sokneprest Vetle Karlsen Eide	tlf. 55 09 74 46 (arbeid)
Ungdomsprest Jon Andreas Tjentland	tlf: 55 09 74 56 (arbeid)
Soknediakon Torbjørn Fjøren	tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal	tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70
Ungdomsarbeidar Håkon Syrstadeng	tlf. 55 09 74 66, m. 91 80 46 80

# v.p.p.s

Fjell kyrkjelege fellesråd: 82511

Foreningen Basecamp: 76162

Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022

Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med formål og dato.

## VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir mening.



## Kontaktinfo

 DEN NORSKE KYRKJA  
Fjell kyrkjelege fellesråd

### FJELL KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Tytebærbrekko 2, Straume

Sentralbord: 55 09 74 40

Ekspedisjonstid:

Måndag, onsdag, torsdag og fredag: 09.00-15.00

Tysdag: 10.00-15.00

Beredskapstelefon i prostiet: 95 48 36 55

E-post: [post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no)

### ADMINISTRASJON

Kyrkjevevjerje: Olav Martin Vik

e-post: [olav.vik@fjell.kommune.no](mailto:olav.vik@fjell.kommune.no)

Ass. kyrkjevevjerje: Borghild Hustad Berge

e-post: [borgild.berge@fjell.kommune.no](mailto:borgild.berge@fjell.kommune.no)

Kontorsekretær:

Siren Nordbø

e-post: [siren.nordbo@fjell.kommune.no](mailto:siren.nordbo@fjell.kommune.no)

Kontorsekretær/informasjonsmedarbeidar:

Anne-Kari Vik

e-post: [anne-kari.vik@fjell.kommune.no](mailto:anne-kari.vik@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydssekretær: Line Steinsland Mosnes

e-post: [line.mosnes@fjell.kommune.no](mailto:line.mosnes@fjell.kommune.no)

### PRESTAR

Sokneprest i Fjell: Terje Aannerød

e-post: [terje.aannerod@fjell.kommune.no](mailto:terje.aannerod@fjell.kommune.no)

Sokneprest i Landro: Bjarte Nese

e-post: [bjarte.nese@fjell.kommune.no](mailto:bjarte.nese@fjell.kommune.no)

Fung. sokneprest i Foldnes: Vetle Karlsen Eide

e-post: [vetle.eide@fjell.kommune.no](mailto:vetle.eide@fjell.kommune.no)

Ungdomsprest: Jon Andreas Tjentland

e-post: [jon.tjentland@fjell.kommune.no](mailto:jon.tjentland@fjell.kommune.no)

### DIAKONI

Soknediakon: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47, m. 922 95 377

e-post: [torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no](mailto:torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no)

Ungdomsdiakon Basecamp: Nils Ivar Honningdal

55 09 74 58, m. 99 46 88 70

### BARN OG UNGDOM

Kateket: Rannveig Vestbøstad Vik

e-post: [rannveig.vik@fjell.kommune.no](mailto:rannveig.vik@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydsped./t-teamsleiar: Kari Burke-Romarheim

[kari.burke-romarheim@fjell.kommune.no](mailto:kari.burke-romarheim@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydsped./t-team: Søgne Lillevik Nilsen

e-post: [sognie.nilsen@fjell.kommune.no](mailto:sognie.nilsen@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydsped./t-team: Elisabeth Møll Jung

e-post: [elisabeth.jung@fjell.kommune.no](mailto:elisabeth.jung@fjell.kommune.no)

Skule- barnehagesamarbeid: Anne Ludvigsen Kaldestad

e-post: [anne.kaldestad@fjell.kommune.no](mailto:anne.kaldestad@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog/konfirmantleiar: Beate Sørhus

e-post: [beate.sorhus@fjell.kommune.no](mailto:beate.sorhus@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog: Håkon Syrstadeng

Kyrkjelydsarbeider: Eivind Kausland Lie

### KYRKJEMUSIKK

Kantor: Olav Sørheim 56 33 25 01

e-post: [olav.sorheim@fjell.kommune.no](mailto:olav.sorheim@fjell.kommune.no)

Organist i Foldnes: Aasmund Brekke 56 32 41 90

Kantor i Landro: Eline Olsen m. 90 60 53 32

Organist i alle tre kyrkjene: Tormod Rebnord

### DRIFT

Driftsleiar: Norvald Snekkevik 55 09 74 55, m. 930 70 741

e-post: [norvald.snekkevik@fjell.kommune.no](mailto:norvald.snekkevik@fjell.kommune.no)

Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17

Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumsnes 90 07 21 29

Kyrkjegardsarb.: Vegard Lynglund

Kyrkjetenarar i Fjell: Ingalis A. Malmo,

Janne-Lin Fjeld Andersen 56 33 25 01

Kyrkjetenarar i Foldnes: Ellen Ebbesvik,

Ingeborg Børve Skjold 56 32 41 90

Kyrkjetenarar i Landro: Ingjerd H. Johansen, Vegard

Lynglund 55 09 74 43

### SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd: Anne Elisabeth Møvik Hornnes

e-post: [aehorne@online.no](mailto:aehorne@online.no)

Foldnes sokneråd: Magne Supphellen

e-post: [magne.supphellen@nhh.no](mailto:magne.supphellen@nhh.no)

Landro sokneråd: Tove Karin Lyngsmo Angeltveit

e-post: [tove.karin@outlook.com](mailto:tove.karin@outlook.com)

### VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

Prost: Erling Kopperud 55 09 74 42, m. 90 85 89 39

e-post: [erling.kopperud@fjell.kommune.no](mailto:erling.kopperud@fjell.kommune.no)

Prostiprest: Helge Unneland 911 23 612

Prosteseekretær: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

# Faste aktivitetar i kyrkjene

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell kommune. Du er hjarteleg velkomen!

## Foldnes kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Søndagsskule** - under gudstenester, når det ikkje er familiegudsteneste. Kontakt: Maria Wergeland 92408805

**Bibel, bøn og lovsong** - Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Vetle Karlsen Eide 55097446

**KM-Kluzz** - cirka ein fredag i månaden kl. 16.30 til 18.30. For heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen 95014498

**RAMP** - annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerende temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo 47823425

**Barnegospel**: annankvar tysdag kl. 17.30 til 18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Andrea Ådland 97755938

**Treff** - i kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30-14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56324190

**Lille lørdag** - for 7. og 8. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Vetle Karlsen Eide 55097446

**Lukas Ten Sing** - Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Håkon Syrstadeng 91804680

**Ungdomslaurdag** - frå kl. 19.00-22.30, for deg som går i 9. klasse og oppover. Kontakt: Jon Andreas Tjentland 55097460

**Mannsgruppa** - ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt: Morten Nygaard 92482896

**Basargruppa** - ein torsdag i månaden. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim 90729222

## Fjell kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Søndagsskule** - under gudstenester, når det ikkje er familiegudsteneste. Kontakt: Torun Svennevik 97671161

**Retreatkvelder** - cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontaktperson: Terje Aannerød 55097451

**Tweensklubben** - annankvar fredag kl. 19.00-21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Jon Andreas Tjentland 55097460

**Vokalensemblat Sotra reviderte** - for alle som vil syngje i a-capellakor, tysdagar kl. 19.00-21.30. Kontakt: Ingjerd Hauge Johansen 92232815

**Fjell kyrkjebrass** - om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 92615988

**Fjell barne- og tweenskor**: Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30-18.30. Kontakt: Kari H. Mortensen 41122323. Tweenskor øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 18.00-19.00. Kontakt: Maria Tveten 45063016

## Landro kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Onsdagsmøte** - i kyrkjelydssalen kl. 19.30 ein gong i månaden. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55097447

**Taco-fredag** - ein gong i månaden kl. 17.00-19.00. For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese 55097452

**Nordre Fjell Barnekor** - for deg som går i 1.-3. klasse, kl. 17.30-18.40 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 90605332

**Nordre Fjell Tweenskor** - for deg som går i 4.-7. klasse, kl. 18.40-19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 90605332

**Treff i Landro** - i kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30-14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik 92442881

**Landroklubben** - i kyrkjekjellaren annankvar fredag kl. 18.30 til 22.30. Frå 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55097452

B-BLAD

Returadresse: Fjell kyrkjekontor  
Postboks 184, 5342 Straume


# Barnekryssord

## Vannrett:

1. Årstid
3. Istid
7. Hovedstad
9. Fugl+e
10. Smile-kommune i vest
11. Yasmin Andersen

## Loddrett:

1. Stopp på Bergens-banen
2. Åge Moss
3. Duppe av
4. Ukedag ... day (eng.)
5. Guttenavn
6. Jentenavn



Bli med i trekninga av ein valfri stor pizza m/drikke og is for 4!  
Send inn kryssord til Fjell kyrkjekontor, PB 184, 5342 Straume.  
Merk konvolutten: Kryssord

Vinnar av Barnekryssord i nr. 5-2017:

**DOLLY DIMPLE'S**

Otto Bergsvik  
Litlakvilet 34  
5357 Fjell

Namn:.....

Adresse:.....

.....